
Til: Lise Ådlandsvik

Frå: Ingeborg Borgen Takle

Referanse
2014/559-4

Dato
14.02.2014

Høyringsuttale til Reklamefinansiert kollektivtransport frå Ungdommens fylkesutval

Den 05.02.14 hadde Ungdommens fylkesutval eit møte. På møtet vart saken «reklamefinansiert kollektivtransport» drøfta.

Ungdommens Fylkesutval stiller seg positiv til forslaget om reklamefinansiert kollektivtransport visst det vert gjort på ein forsvarleg måte.

Ungdommens Fylkesutval ser at reklamefinansiert kollektivtransport kan gje fylkeskommunen betre økonomi. Me ynskjer at desse midla blir brukt til å gjere kollektivtransport meir attraktivt for ungdom.

I punkt 6. i forslaget står det at «I samband med forslag til retningslinjer må ledig annonseplass vurderast å setjast av til kulturformål». Ungdommens Fylkesutval meiner den eventuelle ledige annonseplassen bør gå til å fremje kulturtilbod for ungdom.

Med helsing

Agnes Hoshovde Bernes
leiar